



Forsand kommune

«Sse_Navn»

Saksbeh

«Sbr_Navn»

Ref.

«Sdo_ArkivSakID»-«Sdo_DokNr»

Arkivkode

14/160-29

Dato:

«Sdo_DokDato»

RETNINGSLINJER FOR BRUK AV KRAFTFONDET

1. Bakgrunn

Retningslinjene for bruk av kraftfondet er utarbeidd innan rammene av Kommunal og Regionaldepartementet sine standardvedtekter for kommunale kraftfond.

2. Formål

Formålet med kraftfondet er å medverka til næringsutvikling i kommunen. Fondsmidla skal primært nyttast som indirekte støtte til lokalt næringsliv og ikkje som direkte støtte til enkeltbedrifter.

3. Bruk

Fondet skal i hovudsak nyttast til fellestiltak og infrastruktur som kjem deler eller heile næringslivet til gode. Fondsbruken skal fokusera på rammevilkår for næringslivet. Fondet skal nyttast til heil eller delvis finansiering av investeringar. Midlar frå fondet kan nyttast som driftsstøtte til organisasjonar og samarbeidsnettverk utan kommersielle formål. Fondet kan nyttast til å teikna aksjar i selskap som ledd i fellestiltak kommunen ser formålstenelege ut for å få til næringsutvikling. Det er ikkje høve til å subsidiera drift i enkeltbedrifter. Midlar frå fondet kan ikkje gjevast til sanering av gjeld i bedrifter. Kraftfondet skal heller ikkje nyttast til ordinære kommunale driftstiltak.

4. Fellestiltak og infrastruktur

I omgrepet fellestiltak og infrastruktur inngår i prinsippet alt som vedkjem næringslivet sine rammevilkår. Også tiltak med indirekte verknad på næringslivet sine rammevilkår, som t.d. tilrettelegging for bustadformål i privat/offentleg regi, kan tolkast inn under rammevilkår for næringslivet. Nærleggande eksempel er fysiske investeringar i ulike kommunikasjonstiltak, tilrettelegging av felles næringsareal, utleigebygg, felles kai og hamneanlegg, regionalt samarbeid for næringsutvikling, såkalla "mjuke investeringar" som rettleiingsteneste, kompetanseheving, nettverksbygging, samarbeidstiltak, planberedskap, generell marknadsundersøkingar og ulike informasjons- og marknadsføringstiltak. Eksempla er ikkje uttømande.

5. Støtte til enkeltbedrifter

Alle søknadar frå enkeltføretak skal vurderast individuelt og i forhold til behov for risikokapital.

Direkte støtte til enkeltføretak kan gjevast i samband med marknadsundersøkingar og forprosjekt der fondstyret finn at det er potensiale for ei seinare nyetablering. Nyetablering kan også omfatta ny verksemd i allereie etablerte føretak. I samband med nyetablering av verksemd blir det gitt eit etableringstilskot på kr 10.000,-.Fondsstyret kan også vurdere særskild støtte til tiltak ovafor ungdom under 30 år.

Fondsstyret gir normalt ikkje støtte til planar etter PBL, men dette kan i særlege høve vurderast. Kommunalt initierte reguleringsplanar skal belastas det enkelte prosjekt/prosjektrekneskap.

Støtte til infrastruktur som t.d. straum, veg, vatn og avlaup kan vurderast i dei høva bedrifta er etablert utanfor kommunalt tilrettelagt næringsareal, eller er avhengig av å etablere seg utanfor kommunalt tilrettelagde næringsareal.

Det kan søkjast om støtte til asfaltering av veg frå hovudveg fram til driftssentral/mottak hjå bedrifter lik ordninga som gjeld for landbruket – ordninga gjeld dei bedriftene som etablerer seg utanfor kommunalt tilrettelagte næringsareal.

6. Retningslinjer for støtte til infrastrukturtiltak i landbruket

Gjeldande administrative støtteordningar ovanfor landbruket vert vidareført.

7. Retningslinjer for støtte til spreidd bustadbygging

Gjeldande administrative retningslinjer for spreidd bustadbygging vert vidareført.

8. Retningslinjer for støtte til private bustadfelt

Administrativt regelverk for støtte til utbygging av private bustadfelt vert avslutta.

9. Forvaltning

Formannskapet er fondstyre for alle løyvingar til private bedrifter og eventuell aksjeteikning i selskap.

Kommunestyret er fondstyre i ankesaker. Vidare er kommunestyret vedtaksmyndigheit for saker som gjeld fellestiltak og infrastruktur. Kommunestyret vedtar årsplanar med økonomiske rammer for nærings- og tiltaksarbeidet i samband med godkjenning av økonomiplanen, samt handsamar og godkjenner årsmelding frå fondstyret.

10. Anke

Vedtak i formannskapet som fondstyre har gjort, kan ankast til kommunestyret i samsvar med reglane om klage i kommunelova.

Vedtak gjort av kommunestyret for fellestiltak og infrastruktur kan ikkje påklagast.

Retningslinjene er vedtatt i kommunestyresak 01/003 i møte 31.01.01.

Retningslinjene gjeld med tilbakeverkande kraft til kommunestyremøte 16.12.00.

Retningslinjene er seinare justert av kommunestyret i sak 01/033 og sak 02/006.

Retningslinjene er justert siste gong i kommunestyret 22/06-05, sak 05/46.

Retningslinjene er revidert siste gong av kommunestyret i møte 23.september 2015.

«Sbr_Navn»

Plan- og næringsjef